

Samarbeidsprosjekt mellom Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 250.000 til Innovasjon Norge - Sogn og Fjordane til to-årig samarbeidsprosjekt mellom Noregs Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prenta vedlegg:

- 1 Prosjektplan datert 2. mars 2007/revidert 19. mars 2007.

Uprenta vedlegg:

- 1 Oppsummering av møte 20/12 2006 – Forslag til utforming av vidare samarbeid. Norges Forskningsråd 24.01.2007.

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Noregs Forskningsråd har eit opplegg for å etablere utekontor i fylka. På Vestlandet er det etablert utekontor i Hordaland og i Rogaland. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er ikkje prioriterte så langt. Det ligg heller ikkje føre planar som seier noko forpliktande om tidspunkt for evt. etablering i Sogn og Fjordane. På bakgrunn av dette har Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune innleia drøftingar med Noregs Forskningsråd om eit samarbeid som – sett frå vår side – skal leie fram mot at forskingsrådet etablerer utekontor i Sogn og Fjordane

2. FRAMLEGG OM SAMARBEID – EIT TO-ÅRIG PROSJEKT.

2.1 Mål og målgrupper for det to-årige prosjektet:

Hovedmål

Prosjektet har som hovudmål å auke den næringsretta FoU-aktiviteten i Sogn og Fjordane.

- Delmål 1 Kartlegging av bedrifter med potensiale for auka FoU.
- Delmål 2 Samarbeid mellom bedrifter og FoU-miljøa.
- Delmål 3 Samarbeid mellom bedrifter.
- Delmål 4 Utvikling av praktiske metodar og utviklingsmodellar
- Delmål 5 Strategi/planar for vidare FoU-satsing.


Som ledd i delmål 5 skal det utarbeidast ein strategi/plan for vidare satsing på næringsretta FoU i fylket.

Målgrupper

Hovedmålgruppe er næringslivet i fylket, men FoU-miljøene i regionen er også en viktig målgruppe for prosjektet.

2.2 Framdrift

Prosjektet har tre hovudfaser:



Innhaldet i hovudfasane er nærare omtala i vedlagde prosjektplan.

Dersom resultatata frå prosjektperioden vert vurdert som gode er ambisjonane at dette prosjektet vert vidareført ved at det på permanent basis skal være ein eller flere personar som arbeider

systematisk med FoU-retta verkemiddel i fylket og som bidrar til at næringslivet sitt forskingsbehov vert kanaliserte inn mot relevante forskingsmiljø.

2.3 Organisering

Styringsgruppe

Det vert oppretta ei styringsgruppe samansett av Forskningsrådet, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge som finansieringsparter i prosjektet. Desse vil også vere prosjekteigarar og prosjektansvarlege.

Prosjektgruppe

Partane er samde om å bruke VRI-styret i Sogn og Fjordane som ei referansegruppe. På dette punktet er vedlagde prosjektplan ikkje oppdatert. Føremålet med bruken av referansegruppa er å dra partnerskapen aktivt med i arbeidet.

Prosjektleder

Det vil vere viktig å rekruttere ein prosjektleder med næringslivsbakgrunn.

2.4 Kostnadsoverslag og finansieringsplan

Forslag til budsjett 2 års drift

Prosjektleder	1.100.000
Reisekostnader	200.000
Møter/arrangement/seminar	200.000
<u>Kjøp av ekstern hjelp</u>	<u>0</u>
Totalt	1.500.000

Finansieringsplan

Forskningsrådet	500.000
<u>Lokal finansiering</u>	<u>1.000.000</u>
Totalt	1.500.000

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Ideane bak prosjektet er forankra i arbeidsplanen for Innovasjonsforum Sogn og Fjordane. Innovasjonsforum er oppretta med utgangspunkt i fylkesplanen i Sogn og Fjordane; m.a. i framlegga frå "industrigruppa". Som det går fram av prosjektplanen og utgreiinga ovanfor, har partane vorte samde om ein modell der fylkeskommunen, Innovasjon Norge og forskningsrådet er prosjekteigarar og styrer prosjektet. Vårt ønskje om å kople Innovasjonsforum Sogn og Fjordane på prosjektarbeidet vert ivareteke ved at partane er samde om å bruke VRI-styret aktivt som referansegruppe. Innovasjonsforum ønskjer at personane i VRI-styret også kan vere ei ressursgruppe for Innovasjonsforum på næringsretta FoU. Samordning med "beslekt" aktivitet skulle såleis vere ivareteken.

Den lokale finansieringa vil bli søkt løyst slik:

Innovasjon Norge	kr	250.000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune		250.000
Innovasjonsforum Sogn og Fjordane		<u>500.000</u>

Sum: kr 1.000.000

I tillegg held Innovasjon Norge kontor plass på fylkeshuset.

Fylkesdirektøren vil spesielt framheve delmål 5 om å utarbeide planar (ein strategi) for vidare FoU-satsing i fylket. Dette arbeidet peikar framover mot etablering av regionale forskingsfond og ei sterkare rolle for fylkeskommunen i framtidig forskingspolitikk. Fylkesdirektøren vil legge utkast til regional forskingsstrategi fram til politisk handsaming.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren tilrår ei delfinansiering på kr 250.000 til det toårige prosjektet. Løyvinga går til Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane der prosjektleiar vil ha kontor plass.

VEDLEGG

Til: Norges forskningsråd, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Innovasjonsforum
Fra: IN Sogn og Fjordane
Kopi:
Dato: 2. mars 2007/revidert 19. mars 2007
Vedrørende Samarbeidsprosjekt mellom Norges Forskningsråd, Sogn og Fjordane
: Fylkeskommune og Innovasjon Norge for å styrke den næringsretta FoU
innsatsen i Sogn og Fjordane

Innleiing

Forskningsrådet, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og IN hadde den 20. desember 2006 eit møte der dei vart enige om å utvikle og prøve ut følgjande samarbeidsmodell:

- Det vert etablert eit regionalt prosjekt med formål å utforme ein strategi for sterkare FoU-satsing i Sogn og Fjordane basert på næringslivets FoU-behov og innovasjonspotensial. I prosjektet inngår val av strategiske FoU-områder og områder for FoU/innovasjonsdrevne næringsutvikling i Sogn og Fjordane, samt ei vurdering av FoU-institusjonane si rolle
- Det vert tilsett ein prosjektleiar lokalisert til regionen. Arbeidsgjevaransvaret vert lagt til regionen, medan kostnadene knytt til stillingen vert delt likt på Fylkeskommunen, Forskningsrådet og IN. Prosjektleiar deltek aktivt i Forskningsrådet sine regionale nettverk og skal vere ein viktig bidragsytar mht. å utvikle eit tettare samarbeid med Forskningsrådet
- Forskningsrådet tek saman med Fylkeskommunen og IN ansvar for utforming og oppfølging av prosjektet
- Prosjektet skal gå over 2 år. Evaluering etter 1 år mht. behov og potensiale for vidare systematisk FoU-satsing, mulege flaskehalsar og grunnlaget for Forskningsrådet si framtidige lokalisering i regionen

Modellen er skissert i brev frå Forskningsrådet til Fylkeskommunen datert 24.1.2007.

1. Bakgrunn/problemstilling

Forskning viser at innbyggjarane si utdanning, næringsstruktur, samt innslag av store bedrifter i regionen har betydning for innovasjons- og FoU-aktiviteten (SSB rapport 2002/26 FoU og Innovasjon i norske regioner).

Næringsstruktur i fylket

Industrien (spesielt næringsmiddel, prosess og verkstadindustrien) og primærnæringane har opplevd ein relativt sterk tilbakegang målt i sysselsetting dei siste åra. Primærnæringane har 1067 færre sysselsette i 2005 sammenlikna med år 2000, medan industrisysselsettingen er redusert med 1556 i samme perioden. Produktiviteten i industrien er høg, mens den i

primærnæringane er låg. Denne trenden gjer at sysselsettingsstrukturen i Sogn og Fjordane nærmer seg landsgjennomsnittet.

Hovedtrekk:

- Primærnæringane har stor betydning for busetting og sysselsetting
- Industrien har stor betydning mht. sysselsetting og verdiskaping
- Tenesteytande næringar utgjer ein relativt mindre andel av sysselsetting enn landsgjennomsnittet
- Fylket har store naturressurser som fisk og vasskraft og har store oljefelt utanfor kysten
- Nokre få store bedrifter (Hydro, Elkem, Domstein, Lerum, Aker Yards, Fundo m.fl.) er hjørnesteinsbedrifter i fleire lokalsamfunn og er viktige motorar i næringslivet i fylket. Fleire av desse bedriftene vert styrt av eigarkonstellasjonar / morselskap lokalisert utanfor fylket
- Turistnæringa har ei sterk stilling i fylket. Dei naturgjevne fortrinna tilseier imidlertid at reiselivsnæringa burde hatt ei enda sterkare stilling

Utdanningsnivå i fylket

- Utdanningsnivået i Sogn og Fjordane har, til liks med resten av landet, auka dei seinare åra
- Utdanningsnivået i fylket ligg noko under landsgjennomsnittet
- I Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag er det over 4 prosentpoeng fleire kvinner enn menn med høgare utdanning – denne skilnaden er større enn landsgjennomsnittet
- Fylket har negativ flyttestraum. Flyttetapet for kvinner mellom 15 og 36 år er større enn for menn.

Med auka kunnskapsinnhald i vare- og tenesteproduksjon, vert truleg formell utdanning viktigare i alle næringar. I ein slik situasjon er det ei utfordring for næringslivet i eit fylke som opplever at unge høgt utdanna kvinner flytter ut.

FoU aktivitet i fylket

Den tunge FoU aktiviteten i fylket er konsentrert rundt nokre få bedrifter. Sogndal / Årdal er ein forskningsintensiv region i Norge. Det er ein forholdsvis liten del av bedriftene i fylket som driv tung FoU-verksemd. Legg vi eit breiare innovasjonsmål til grunn kjem næringslivet i fylket godt ut samanlikna med landsgjennomsnittet.

Skattefunn vart etablert i 2002 og har vorte ei viktig finansieringsordning for FoU aktiviteten i SMB. Så langt har ca. 5000 bedrifter fått godkjent FoU prosjekter i Skattefunn. Bedriftenes bruk av Skattefunn er ein indikator for næringslivet sine investeringar i FoU. I perioden 2002 til 2005 er det godkjent skattefunnprosjekt for kr 600 mill. i Sogn og Fjordane. Fylket er dermed nr. 2 i landet når det gjeld andel bedrifter som har skattefunnprosjekt. 4,3% av bedriftene i fylket har fått godkjent minst eitt prosjekt i Skattefunn. Aust-Agder er nr. 1 med 4,7%.

Det er spesielt Nordfjord og Sogn som har høg andel bedrifter med FoU prosjekt godkjent i Skattefunn og desse regionane i fylket er blant dei regionane i landet med høgast FoU-frekvens (med hhv. 5,5% og 5,4%). Også HAFS regionen har en relativt høg FoU-frekvens ved at 3,5% av bedriftene i denne regionen har hatt skattefunnprosjekt.

Sjølv om fylket ikkje har tunge forskningsinstitusjonar, indikerer skattefunn frekvensen at det er ein betydeleg FoU aktivitet i næringslivet i fylket.

Sterke nærings- / kompetansemiljø i fylket

Eksempel på sterke nettverk / klynger i fylket:

- Oppdrettsmiljøet Flora / Bremanger regionen er leiande innan utvikling av torskeoppdrett. Miljøet omfattar FoU aktør (Havlandet Forskningslaboratoriet AS), tenesteleverandører (bl.a. mht. kvalitet / sporbarheit repr. ved Mercatus AS), slakteri (to stk.), leiande oppdrettarar nasjonalt mht. utvikling av kommersiell produksjon av yngel og matfisk, eksportører (Norwell, Lerøy, Domstein), fôrprodusent (EWOS)
- Pelagisk miljø i Måløy med Norway Pelagic AS i spissen som verdens største selskap innan sild og makrell til mat. Rundt dette selskapet er det sterke markedsaktører, Welcons FoU eining innan fiske -mjøl og -olje, Fjord Lab m.fl.
- Bærklynga i Sogn. Miljø som omfattar næringsmiddelaktører (Lerum, Balholm og Tine), FoU aktør (Planteforsk Njøs), dyrkarmiljø (store i nasjonal målestokk innan bringebær og moreller), aktivt offentleg verkemiddelapparat (Fylkesmannen m.fl.)
- Flåte- og verftsmiljøet i Måløy / Selje. Denne regionen har landets største linebåt flåte (ca. 50% av kvitfiskkvotane i landet) og har eit aktivt verfts- og servicemiljø knytta opp mot denne
- Hydros FoU / teknologi senter i Årdal som er ein viktig del av FoU aktiviteten retta mot aluminiumproduksjonen i Hydro. Denne aktiviteten har stor betydning mht. etablering og FoU aktivitet i øvrige deler av næringslivet i regionen (underleverandørindustrien osv.).
- Det er ei betydeleg satsing på solenergi på gang i fylket med lokalisering i Årdal (Norsun / Alf Bjørset) og Bremanger (Elkem Solar). Sistnemnde anlegg er Elkems spydspiss på produksjon reint silisium til IT industrien world wide. Det er sterke signal på at Elkem Solar vil bygge fabrikk nr. 2 i Norge for produksjon av silisium til solcelleindustrien lokalisert til Svelgen. Grunngevinga for lokalisering er, i tillegg til rammebetingelsar, det kompetansemiljøet som er utvikla i Svelgen. Norsun etablerer waferproduksjon i Årdal og vil etablere eit kompetansemiljø rundt solenergi i Årdal
- SIVA, i samarbeid med Årdal kommune, Fylkeskommunen og IN, vurderer å etablere ein pilot på eit regionalt industrielt knutepunkt med utspring frå det sterke industrielle kompetansemiljøet som er i Årdal. Dette vil vere ein av dei to pilotane som SIVA i første omgang ønskjer å etablere nasjonalt
- Oljebasen i Florø med INC Gruppen som drivkraft med satsing innan olje / gass
- Næringsmiljøet i Stryn bestående innovative og leiande bedrifter nasjonalt innanfor bransjane tre, tekstil, verkstad og reiseliv (Vest Busscar, Dooria, Hagen Treindustri (Stryntrappa), Ricco Vero, Moods of Norway, Hotell Alexandra m.fl.).
- Miljøet rundt det nye Campus i Sogndal med Vestlandsforskning og Høgskulen som viktige motorar. Her er det under utvikling fagmiljø innan helse og idrett, IKT, reiseliv, energi, miljø, transport m.m. Dette er kunnskapsmiljø som også jobbar inn mot nasjonale og internasjonale FoU-miljø

Ovannemnde er eksempel på innovative nærings- og kunnskapsmiljø som vi vurderer har eit potensiale for auka innovasjon og verdiskaping dersom verkemidlane innafør heile

verkemiddelapparatet vert sett betre i samanheng og gjort meir tilgjengeleg gjennom dette samarbeidsprosjektet.

Innovasjon Norge og Forskningsrådet – ulike mandat, roller og prosjektkrav

IN har ei stor kontaktflate inn mot næringslivet i Sogn og Fjordane og jobbar tett med bedriftene i fylket. Heile fylket har tilgang til IN sine distriktsretta verkemiddel. IN er såleis i kontakt med bedriftene i fylket på tvers av verdikjeder, geografi og i ulike faser av livssyklusen. Frå å vere søknadsbasert, har kontakten utvikla seg i retning av rådgjeving / proaktivt arbeid som har gjeve INs verkemiddel eit utvida innhold. IN er i dag, i tillegg til å vere finansør, ein betydeleg leverandør av kompetanse inn mot bedriftene gjennom INs nettverk og samarbeidspartar.

Forskningsrådet har en viktig rolle i utviklingen av Norge som forskningsnasjon og i tilretteleggingen av regionenes bidrag til kunnskapsutviklingen. Forskningsrådets regionale engasjement skal bidra til å sikre mulighetene for regionene og de regionale aktørene til å kvalifisere seg for deltakelse på nasjonale og internasjonale konkurransearenaer for forskning og utvikling. Forskningsrådet skal stimulere til mer FoU i næringslivet og bidra til kobling mellom næringsliv og FoU-institusjoner. Som nasjonal konkurransearena har ikke Forskningsrådet anledning til å øremerke FoU-midler til den enkelte region. Forskningsrådet finansierer primært også i liten grad FoU-prosjekter i enkeltbedrifter.

Konkurransen om Forskningsrådets FoU-midler er stor, og så langt har næringslivet i Sogn og Fjordane i liten grad drege nytte av Forskningsrådets sine næringsretta FoU-programmer. Nokre bedrifter i fylket har vore involvert i VS2010, kompetansemeklarordningen og som nemnd har skattefunnordningen vore viktig som finansieringsordning for FoU aktivitet i fylket. Relativt god tilgang på IN verkemiddel gjer at FoU-prosjekta i fylket derfor vert finansiert gjennom desse verkemidlane i kombinasjon med Skattefunn og eigenkapital.

Det er viktig at en i dette prosjektet klarer å utvikle kompetanse om Forskningsrådets sine verkemiddel, stimulere til samarbeide mellom næringslivet og FoU/kunnskapsaktører og skape engasjement for FoU i næringsliv og blant kunnskapsaktører.

2. Prosjektmål og målgrupper

Hovedmål

Prosjektet har som hovedmål å auke den næringsretta FoU-aktiviteten i Sogn og Fjordane.

Delmål 1. Kartlegging av bedrifter med potensiale for økt FoU.

Gjennom systematisk kartlegging av bedriftene skal det utarbeides en prioritert oversikt over bedrifter/bransjer i fylket som har potensial for økt FoU-aktivitet.

Dette skal gjøres blant annet ved å benytte eksisterende oversikter og kunnskap om bedriftene og ved bedriftsbesøk og tett kontakt med næringsaktørene.

Delmål 2 – Samarbeid mellom bedrifter og FoU-miljøene.

Prosjektet skal stimulere til økt samarbeide mellom bedrifter og FoU- og kunnskapsmiljøene.

Det er her viktig å få oversikt over hvilke FoU-miljøer som har den nødvendige kompetanse for å kunne støtte bedriftene. Det skal vidare tilrettelegges for bedriftsinitierte forprosjekter som skal klargjøres danne grunnlag for satsing i større prosjekter.

Delmål 3 – Samarbeide mellom bedrifter.

Det er et mål for prosjektet å stimulere til samarbeide mellom 2 eller flere bedrifter. Dette kan gjerne være bedrifter i en næringskjede eller bedrifter som har FoU-samarbeid innen fag- eller tematiske områder.

Delmål 4 – Utvikling av praktiske metoder og utviklingsmodeller

I prosjektet skal det utarbeides og tas i bruk ulike metoder og praktiske modeller. Det kan her være hensiktsmessig å benytte tidligere kunnskap fra andre programmer/prosjekter som tilpasses de regionale forhold som er avgjørende for å lykkes. De ulike metodene/modellene skal dokumenteres og evalueres.

Delmål 5 – Strategi/planer for vidare FoU-satsing.

Som ledd i ovennevnte arbeid skal det utarbeides en strategi/plan for vidare satsing på næringsrettet FoU i fylket.

Målgrupper

Hovedmålgruppe er næringslivet i fylket, men FoU-miljøene i regionen er også en viktig målgruppe for prosjektet.

Det er viktig at prosjektet starter med å mobilisere i bredden av næringsaktører og kunnskapsaktører for å skaffe overblikk over aktivitet og behov.

Etterkvart kan det tenkast at målgruppa bør segmenterast i for eksempel 3 grupper, kategorisert etter kor FoU intensiv bedriften er:


- Spissa gruppe: omfattar eit begrensa tal bedrifter som kan framstå som motorar mht. FoU i fylket. Dette er bedrifter som er i leiande innan bransjen nasjonalt
- Bredde gruppe: omfattar ei prioritert gruppe bedrifter innan bransjar med tyngdepunkt i fylket og med potensiale for auka FoU aktivitet
- Alle relevante bedrifter i fylket

Avhengig av kva nivå bedriften er på, vil den ha ulike aktivitets- / oppfølgingsnivå frå prosjektet. Det vert utvikla ulike kontakt og oppfølgingspakkar inn mot det enkelte nivået.

Eksempelvis kan vi tenkje oss at det innanfor både spissa og breidde grupper vert utvikla program / verktøy for å utvikle kompetanse og sette FoU i fokus. I nivå 3 vil det typisk vere at det vert informert om FoU verkemiddel og relevante nyheiter knytta til temaet FoU. Graden av proaktivitet vil såleis auka frå nederste til øverste nivå i hierarkiet.

3. Faser og hovedaktiviteter i prosjektet

Prosjektet består av følgende hovedfaser:



Aktivitetene i forprosjektet

IN Sogn og Fjordane har god oversikt og kjennskap til aktørane i fylket. Denne kunnskapen og oversikten vil vere eit godt utgangspunkt for å plukke ut relevante bedrifter til prosjektgruppe, fokusgrupper, møteplasser eller lignende.

Det er såleis at det ikkje er nødvendig å bruke store ressurser på å kartlegge næringslivet, men heller bygge vidare på dei oversikter som finst i IN.

Prosjektet startar opp med eit forprosjekt med ei varigheit på ca ½ år. I denne fasen ser vi for oss følgjande handlingsplan/aktiviteter (eksempel på aktiviteter som vi meiner er viktige i oppstartsfasen):

- Kartlegging av FoU aktivitet i fylket
- Definerings av målgrupper /plukke ut bedrifter / segmentere
- Utvikle/etablere møteplasser – få til erfaringsutveksling mellom bedrifter (også frå bedrifter utanfor fylket) – koordinerast med etablerte møteplasskonsept i fylket
- Utvikle kontakt inn mot FoU miljøene i og utanfor fylket (SINTEF, Bergensmiljøene m.fl.)
- Deltaking i Forskningsrådet sine avdelingsmøter og invitere programleiarar i Forskningsrådet til relevante møter i fylket
- Opparbeide kunnskap om Forskningsrådet sine programmer
- Markedsføre skattefunnordningen i fylket
- Delta i Innovasjonsforum / RUP
- Bedriftsbesøk i samarbeid med IN kundeansvarleg

Hovedprosjektet

Etter gjennomført forprosjektperiode har prosjektet opparbeida verdifull kunnskap og erfaring som vil vere eit godt grunnlag for å planlegge aktiviteter og fokusområder for resten av prosjektperioden og starte arbeidet med å utvikle en FoU-strategi for fylket.

For Sogn og Fjordane er det viktig å utvikle/etablere kunnskapsmiljøer inn mot utvalde sterke næringsmiljø i fylke. Dette bør leggest inn som eigen aktivitet i prosjektet, herunder at det også vert vurdert knoppskyting av denne type miljø i fylket.

Hovedtrekka i prosjektet

Mobilisering viktig

For å lykkast med prosjektet er det viktig at arbeidet vert forankra blant næringsaktørane og kunnskapsaktørane i fylket. Utvikling av "verktøyet" bør såleis forankrast her og det bør skapast eit engasjement i næringslivet for prosjektet.

NHO vil drive mobilisering inn mot sine medlemsbedrifter (600 medlemsbedrifter). Det er viktig at dette mobiliseringsarbeidet i regi av NHO kan gå parallelt med dette prosjektet og vere med å skape ei positiv og bevisst holdning til FoU i næringslivet i fylket.

For å auke interessen og fokus på FoU i næringslivet i fylket vil det vere viktig å få opp nokre gode eksempel som kan presenterast / seljast inn mot næringslivet generelt og nokre fokusbransjar spesielt.

Vi ser for oss at det bør plukkast ut nokre bedrifter som kan framstå som gode eksempel og drivkrefter for prosjektet. Desse vil kunne fungere som ambassadører for prosjektet innad i sin bransje / sitt nettverk av bedrifter.

For øvrig er det viktig å mobilisere / informere og skape engasjement omkring prosjektet via etablerte møteplasser i fylket (Møteplass Marin, bransjeforeningsfora osv.). Det er viktig at informasjonen om prosjektet går via bedriftene sine egne kanaler / organisasjoner slik at dette prosjektet vert oppfatta som deira prosjekt. NHO ønskjer å starte med å ta dette prosjektet inn til diskusjon i NHO reiseliv.

Kunnskapsmiljøa, (Sogn og Fjordane vs. sentra)

Sogn og Fjordane manglar, som nemnd ovanfor, dei tunge kunnskapsmiljøa som vi finn rundt dei store byane i landet. Vi har imidlertid nettverk av store bedrifter og SMB som driv FoU aktivitet i eigenregi, og i samarbeid med kunnskapsaktører i og utanfor fylket. Dette er prosjekt med ulik grad av FoU og dels med hovedvekt på U.

Det at fylket manglar tunge kunnskapsaktører som motor for FoU aktivitet representerer ei spesiell utfordring i Sogn og Fjordane og som gjer at Forskningsrådet med sitt nettverk og verkemiddelsett kan spele ei viktig rolle mht. å løfte FoU aktiviteten, både mht. volum og kvalitet.

Det er viktig at bedriftene i fylket får auka innsikt og forståing for programmene / satsingane i Forskningsrådet. Videre er det viktig at prosjektet bidrar til å styrke relasjonane mellom næringslivet i fylket og dei tunge kunnskapsmiljøa som ligg i andre regionar av landet (SINTEF,

marine kunnskapsmiljøet i Bergen osv.). I den forbindelse kan også muligheten for knoppskyting/avdelinger fra relevante eksterne kunnskapsmiljøer inn i fylket vurderes.

Skape engasjement og fokus på FoU.

Som nemnd ovanfor er det viktig at vi gjennom prosjektet klarer å skape eit engasjement for og fokus på FoU blant bedriftene i fylket. Det er viktig at bedriftene klarer å identifisere seg med og føler eit ansvar og eigarforhold til dette prosjektet. Dersom dette prosjektet får eit innhold med ei slik forankring vil prosjektet også ha større sannsynlegheit for å verte ein suksess.

Nærings- og kunnskapsaktørene bør såleis inn og påverke innholdet i prosjektet frå starten av. Her kan det vere fornuftig å sette sammen ei representativ gruppe av bedrifter som kan vere ei ressursgruppe i utviklingsfasen av denne satsingen.

4. Organisering

Det er viktig at prosjektet vert breidt forankra i IN Sogn og Fjordane (både på leiar og kundeansvarleg nivå) og i det regionale partnerskapet.

Styringsgruppe

Det bør opprettast ei styringsgruppe som består av Forskningsrådet, Fylkeskommunen og IN som finansieringsparter i prosjektet. Desse vil også vere prosjekteigarar og prosjektansvarlege.

Prosjektgruppe i startfasen

I ein forprosjektphase / oppstartsfase bør det vurderast etablert ei prosjektgruppe som foruten utvalde IN kundeansvarlege og Forskningsrådet sin representant Atle Markussen i Hordaland, består av utvalde representantar frå næringslivet og kunnskapsaktørane i fylket.

Det er spesielt viktig i ein oppstartsfase for å utvikle ein arbeidsmodell / eit verktøy som er tilpassa Sogn og Fjordane. Denne gruppa vil vere ein viktig sparringspartner for prosjektleiar i første fase av prosjektet.

Allokering av ressursar

Utover dette er det viktig at prosjektet vert organisert slik at mest muleg av ressursane vert allokert inn mot realisering av målsettingen med prosjektet og ikkje rapportering oppover i prosjekthierarkiet.

Dersom resultatata frå prosjektperioden vert vurdert som gode er ambisjonane at dette prosjektet vert videreført ved at det på permanent basis skal være ein eller flere personar som arbeider systematisk med FoU-retta verkemiddel i fylket og som bidrar til at næringslivet sitt forskingsbehov vert kanaliserte inn mot relevante forskingsmiljø.

Prosjektleiar

Det vil vere viktig å rekruttere ein prosjektleiar med næringslivsbakgrunn. Dette prosjektet er eit mobiliseringsprosjekt for auka FoU aktivitet i næringslivet i Sogn og Fjordane. For å få dette til er det viktig at vi får inn ein prosjektleiar som kjenner næringslivet i fylket, deira spesielle utfordringar og som klarer å fange næringslivet si merksemd inn mot dette temaet.

Viktige kvaliteter som bør vurderast ved rekruttering av prosjektleiar:

- Utdanning på masternivå, men erfaring fra næringslivet kan kompensere for manglande formalkompetanse
- dei fleste av forskningsrådet sine verkemiddel for næringslivet er teknologiorienterte. Dette bør kanskje takast omsyn til ved rekruttering og vil også vere ein type kompetanse som vil utfylle IN, Vestlandsforsking / kompetansemeclarane
- erfaring / kunnskap om produktutvikling/prosjektutvikling
- næringslivsbakgrunn, gjerne frå FoU-avdeling i ei bedrift
- god kjennskap til bedriftene i regionen
- god kjennskap til verkemidlane
- erfaring i forskningsdrevne prosjektutvikling og søknadskrivning inn mot FoU-baserte prosjekt

Elles bør vedkommande vere nyfiken, like å jobbe for andre, oppteken av regional næringsutvikling, systematisk, sjølvstendig og utadvendt.

IN Sogn og Fjordane får arbeidsgjevaransvaret for Prosjektlear. Dette betyr også at vedkommande skal ha kontor plass hjå IN Sogn og Fjordane.

5. Forslag til budsjett / finansieringsplan

Budsjettet omfattar drifting av prosjektet i 2 år. I tillegg til prosjektlear vil det vere nødvendig å legge inn tidsforbruk frå kundeansvarlege i IN Sogn og Fjordane. Sistnemnde er ikkje inkl. i budsjettet.

Forslag til budsjett 2 års drift

Prosjektlear	1.100.000
Reisekostnader	200.000
Møter/arrangement/seminar	200.000
<u>Kjøp av ekstern hjelp</u>	<u>0</u>
<u>Totalt</u>	<u>1.500.000</u>

Forslag til finansieringsplan

Forskningsrådet	500.000
Fylkeskommunen	500.000
<u>IN Sogn og Fjordane</u>	<u>500.000</u>
<u>Totalt</u>	<u>1.500.000</u>

6. Koordinering med andre aktiviteter og verkemidler

Generelt

Prosjektet er viktig for det regionale partnerskapet av følgjande årsaker:

- Utvikling av sterke næringsmiljø med sterkare kobling mot FoU
- Omstillingsarbeidet i fylket
- Betre regional koordinering av verkemiddelbruk og prosjektaktivitet
- For dei ressursbaserte næringane betyr natur- og ressursforvaltningen og FoU knytt til dette mykje for god tilrettelegging for næringsaktivitet

EXPO – internasjonaliseringsprosjekt i Sogn og Fjordane

IN gjennomfører for tiden ei betydeleg satsing på internasjonalisering gjennom programmet EXPO Sogn og Fjordane. Dette er ei satsing som omfattar 4 verkemiddel:

- EXPO prosess som er eit fokusert kompetanseprogram inn mot bedrifter med internasjonalt potensiale i fylket. P.t. er 14 bedrifter med i EXPO Prosess som gjennom prosjektet får auka kompetanse mht. internasjonalisering og realisert konkrete internasjonaliseringsprosjekt.
- EXPO nettverk som er eit forum / møteplass med tema internasjonalisering. Her skal bedriftene kunne møtast og utveksle erfaringar og få nyttig informasjon om temaet internasjonalisering.
- EXPO kompetanse der IN no har sett i gang ei kompetansekartlegging som skal danne grunnlag for utvikling av eit kompetanseprogram med tema innan internasjonalisering
- EXPO finansiering

IN er prosjektansvarleg og prosjektleiar for satsingen som er godt integrert i INs proaktive arbeid inn mot næringslivet. IN sine kundeansvarlege og IN sine utekontor er sentrale i gjennomføringen i tillegg til at det vert trekt inn ekspertise frå eksternt undervegs.

Vi ser klart at det vil vere koordineringsgevinstar mellom FoU prosjektet og EXPO.

MarinVEST

MarinVEST er eit innovasjonsprosjekt i Arena som vart starta opp i 2002/2003 og er no under avvikling. Prosjektet har vart gjennomført i fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det vert no jobba med ei videreføring av los-aktiviteten i MarinVEST og Møteplass Marin konseptet. Også her vil koordinering / samkøyring vere viktig.

Innan marin sektor er det også ei satsing på nye marine arter i regi av Vestlandsrådet som vil legge føringar på satsingen innan denne sektoren i Sogn og Fjordane.

Maritimt Forum

Maritimt Forum er eit nettverk av maritime bedrifter i fylket. Dette er eit forum som kan vere relevant å bruke i samband med FoU prosjektet.

VRI

VS2010, Næringsretta Høgskulesatsing og Forskningsbasert kompetansemekling vert no samla i det nye VRI-programmet i Forskningsrådet. Her er det bl.a. parallellar til los-aktiviteten i

MarinVEST innan marin sektor. Aktivitetane gjennom VRI bør dra nytte av dei tematiske og bransjemessige fora som er / blir utvikla. Når det gjeld FoU prosjektet er det viktig med god koordinering inn mot satsingane i VRI når desse er avklart.

Ovannemnde viser at det er eit stort behov for å koordinere denne satsingen på FoU med den totale verkemiddelsatsingen i fylket. Det er viktig at den totale tenesteleveransen frå det offentlege inn mot næringslivet er godt koordinert og styrt slik at næringslivet opplever at det er ei dør inn i verkemiddelapparatet og at totalleveransen er sett saman på ein slik måte at bedriften på ein fleksibel måte kan tilpasse leveransen til sitt behov til ei kvar tid mht. internasjonalisering, FoU, design osv. Dette er spesielt viktig når målgruppa i stor utstrekning er SMB. Desse bedriftene har i utgangspunktet små ressurser til å drive med FoU. I dag nyttar dei i stor utstrekning kundeansvarlege i IN som rådgjevarar mht. kva tenesteleveranser dei skal nytte seg av (IN som koordinator / knutepunkt inn mot det totale spekter av verkemiddel). Dette betyr at IN fortløpende vurderer behov og mulegheiter inn mot den enkelte bedrift og koblar på relevant kompetanse og finansiering frå eigne verkemiddel / program eller via nettverk / samarbeidspartar.

FoU satsing med øymerka midlar og resultatmål

Det er viktig at denne satsingen kjem som eit supplement og ekstra ressurs i forhold til øvrig verkemiddelaktivitet i fylket med eit klart definert og målbart resultatmål. Dette målet kan for eksempel vere antall FoU prosjekt som er finansiert gjennom Forskningsrådet fram til evaluering, auka talet på skattefunnprosjekt i perioden osv. Det kan settast resultatmål inn mot enkeltbransjar, type prosjekt osv.

Målsettingane i satsingen må kvalitetssikrast og forankrast hjå aktørane i næringslivet og kunnskapsaktørane som ledd i mobiliseringen.

Samtidig som dette er ein ekstra ressurs er det, som nemnd ovanfor, viktig at prosjektleiari klarer å koble satsingen mot øvrig verkemiddelaktivitet i fylket og hente ut synergier mellom FoU satsingen og dei andre satsingane.

Tilgang på Forskningsrådets nettverk, kompetanse og verkemiddel / utvikle FoU program som også hensyntar "småskalastruktur"

Forskningsrådet har i dag plassert ut 9 medarbeidare som dekkjer 16 fylker. Desse regionale medarbeidarene er samlokalisert med IN og utnyttar INs kontaktnett ut mot næringslivet i den enkelte regionen. Denne utplasseringen av medarbeidarene gjer at Forskningsrådet kjem nermare bedriftene, samtidig som dei har nær og god kontakt inn mot Forskningsrådet sentralt og kjenner programsatsingane i Forskningsrådet. Dette er viktig mht. premissgjeving og kompetanseoppbygging frå næringslivet tilbake til programansvarlege og beslutningstakarar i Forskningsrådet, samt at næringslivet og det lokale verkemiddelapparatet i større grad kan målrette FoU innsatsen inn mot programma i Forskningsrådet.

Sogn og Fjordane er, som nemnd ovanfor, på mange måter annleis enn resten av landet mht. næringsstruktur og tilgang på tunge FoU miljø. Det er såleis behov for å utvikle løysingar / mekanismar som er tilpassa fylket og som gjev positiv effekt for FoU aktiviteten i næringslivet gitt desse forutsetningane.

7.0 Plan for vidare arbeid.

Det bør utarbeides en detaljert plan for det vidare arbeid (forprosjektet) og en hovedoversikt over aktivitetene i hovedprosjektet. Denne bør være klart i løpet av april måned.

Det er viktig at rekrutteringsprosessen mht. prosjektleiarstillingen starter opp så snart finansieringen av prosjektet er på plass. Dette er eit viktig og krevande prosjekt og det er av stor betydning at det vert gjort ein grundig rekrutteringsjobb. Det kan såleis forventast at det tek noko tid før rette vedkommande er på plass.

Det kan såleis vere fornuftig å vurdere om det skal lagast ei interimsløysing med å nytte Atle Markussen og ressurser ved IN Sogn og Fjordane for å starte opp at den nye prosjektleiaren i størst muleg grad får vere med frå starten av.

med å systematisere / utvikle prosjektet i samarbeid med næringsliv og kunnskapsaktørane i fylket (prosjektgruppa – sjå organisering over). Ideelt sett ville det imidlertid vere ønskjeleg